



Det blir ikkje gjort noko på denne tomte førebels (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland har lagt søknaden frå AFA om planering av næringstomt i ro til saka er nok dokumentert og opplyst. Det manglar ein del dokumentasjon som gjer at handsaminga stoppar opp.

Kjærland peikar på at det manglar ein forståeleg situasjonsplan og at innsendt kart ikkje har markering av tiltaket. Gang og sykkelveg er ikkje innteikna og vegmur ikkje plassert i høve til fylkesvegen. Utplanering på tomt er ikkje illustrert eller definert.

Det trengs også fleire målsette tomtesnitt og teikning av tomtemur både i framkant og bakkant av tomte. Det skal også teiknast typisk snitt av oppbyggjing av gang- og sykkelveg og beskriving av massar.

Statens Vegvesen er kontakta og dei seier at planane skal vidaresendast til godkjenning før tiltaket vert handsama.

AFA blir også bedne om å kontakta tekniske tenester, Kvinnherad Energi og vassverket om dei har planar om vidareføring av tekniske anlegg som kan leggjast ii gangvegen.

Saka er overført til søknadspliktig tiltak der handsamingstida er 12 veker frå saka er nok opplyst og nødvendige uttalar ligg føre.

Av Ola Matti Mathisen